



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	04.02.2014
Tid:	13:30 – 17:05

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP

Forfall:

--	--	--

Varamedlemer som møtte:

--	--	--

Andre:

Rådmann Erlend Krumsvik
Sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Utviklingsleiar Jarl-Martin Møller
Planleggar Berit Sandvik Skeide
Planleggar Hallvard Rusten

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vert valde:
Camilla Storøy Hermansen og Olaug Andreassen

Camilla Storøy Hermansen fekk permisjon frå kl. 16:30, etter handsaming av dei politiske sakene.

Ann-Kathrin (Tine) Storøy fekk permisjon frå kl. 16:50.

Formannskapet drøfta/vart orientert om:

- Personalsituasjon IKT, v/rådmann Erlend Krumsvik. **U.off. §13.**
- Miljøopprydding Fosnavåg hamn, v/planleggar Berit Sandvik Skeide

Vart utdelt:

Notat: Barnevernsmeldingar i perioden 01.09.-31.12.2013. **U.off. §13.**

underskrifter

Camilla Storøy Hermansen

Arnulf Goksøy
ordførar

Olaug Andreassen

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 16/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 17/14	Protokoll frå førre møte
PS 18/14	Referatsaker
PS 19/14	Prioritering av plansaker 2014
PS 20/14	Områdereguleringsplan for indre Bergsøy. Offentleg ettersyn
PS 21/14	Detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy - Gnr. 24 bnr. 2 m.fl. Ny behandling med sikte på 2. gangs offentlig ettersyn.
PS 22/14	Utlekking av utkast til utbyggingsavtale med BT Utbygging AS til offentlig ettersyn
PS 23/14	Vaulane - endring frå bi til hovudled.

Referatsaker

- | | |
|----------|---|
| RS 9/14 | Barnevernsmeldingar i perioden 010913-311213 – U.off. §13 |
| RS 10/14 | Miljøopprydding Fosnavåg hamn - status for prosjektet |
| RS 11/14 | Fylkesprisen for årets bedrift 2013 |
| RS 12/14 | Møte i styringsgruppa for Bulystprosjektet |

PS 16/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 17/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå forrige møte låg føre.

PS 18/14 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 19/14 PRIORITERING AV PLANSAKER 2014

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken med slik endring:
«Moltustranda byggefelt» vert endra til «Myrabakken bustadfelt, Moltustranda»

Vedtak i Formannskapet - 04.02.2014

Formannskapet vedtek slik prioritering av planarbeid for 2014. Sakene skal prioriterast slik ei naturleg framdrift tilseier innanfor dei gitte prioritetsnivå.

Prioritet 1:

Kommuneplaner, delplaner og temaplaner

Kommuneplan for Herøy – arealdelen

Kommunedelplan for avløp

Kommunedelplan helse og omsorg

Kommunedelplan trafikktrygging, revisjon

Kommunedelplan bustadsosial handlingsplan, revisjon.

Ruspolitisk handlingsplan, revisjon

Strategisk næringsplan, revisjon

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv - NY

Hovudplan vassforsyning –NY

Område og detaljreguleringsplanar

Indre Bergsøy

Myrabakken bustadfelt, Moltustranda

Kvalsund hamn

FV654 Flusundkrysset– Kryss mot Vikane, fortau, veg og kryss

Regulering av gang og sykkelveg og trafikksikringstiltak

Ny basestasjon Brannvernet

FV18 Leine – Remøyholmen , reguleringsendring

Omregulering av skuleområdet på Frøystad

Reguleringsendring Trolldalen - NY

Prioritet 2 :

Runde, tilrettelegging av bustadtomter

Huldalskrysset – Igesund FV20

Mjølstadneset (reguleringsendring)

Gangsti rundt Myklebustvatnet

PS 20/14 OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR INDRE BERGSØY. OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Per Kristian Furø reiste habilitetsspørsmål. Mor hans er medeigar i gnr. 27/3 der andre eigarar har kome med innspel til planen. Han gjekk frå under handsaming av habilitet. Per Kristian Furø vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FL § 6, b.

Planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 04.02.2014

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at justert reguleringsplanforslag for indre Bergsøy, sist datert 15.1.2014, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

**PS 21/14 DETALJREGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE PÅ NÆRØY -
GNR. 24 BNR. 2 M.FL. NY BEHANDLING MED SIKTE PÅ 2. GANGS OFFENTLEG
ETTERSYN.**

Møtebehandling:

Camilla Storøy Hermansen reiste habilitetsspørsmål. Far hennar er medeigar i Herøy Byggsenter som er tiltakshavar i området. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet. Camilla Storøy Hermansen vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL §6, b.

Ann Kathrin (Tine) Storøy reiste habilitetsspørsmål. Hennar svoger er medeigar i Herøy Byggsenter som er tiltakshavar i området. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Ann Kathrin (Tine) Storøy vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL §6, b.

Planleggar Hallvard Rusten orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 04.02.2014

Formannskapet vedtek, i medhald av PBL § 12-10, at justert forslag til detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy med tilhøyrande føresegner, begge sist revidert 14.01.2014, vert utlagt til 2. gongs offentleg ettersyn. Saka vert samstundes å sende aktuelle høyringsorgan til uttale.

**PS 22/14 UTLEGGING AV UTKAST TIL UTBYGGINGSAVTALE MED BT
UTBYGGING AS TIL OFFENTLIG ETTERSYN**

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 04.02.2014

1. Med heimel i §17-4 i Plan- og bygningslova vert utkast til utbyggingsavtale vedkomande Tovågen bustadfelt lagt ut til offentleg ettersyn.
2. Høyringsfristen vert sett til 30 dagar.

PS 23/14 VAULANE - ENDRING FRÅ BI TIL HOVUDLED.

Møtebehandling:

Høgre v/Arnulf Goksøyr kom med slikt framlegg:

«Formannskapet ber administrasjonen om å ta initiativ til å opprette ei tverrfagleg arbeidsgruppe mellom Statens Vegvesen, Kystverket og kommunen med sikte på å koordinere og planlegge ny forbindelse som erstatning for dagens bruer på Søre og Nøre vaulen.

Ein føresetnad at arbeidet vert effektiv og målretta for at øysamfunna skal få realisert ei rask og framtidsretta samferdselsløyising.»

Høgre sitt framlegg vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 04.02.2014

Formannskapet ber administrasjonen om å ta initiativ til å opprette ei tverrfagleg arbeidsgruppe mellom Statens Vegvesen, Kystverket og kommunen med sikte på å koordinere og planlegge ny forbindelse som erstatning for dagens bruer på Søre og Nøre vaulen.

Ein føresetnad at arbeidet vert effektiv og målretta for at øysamfunna skal få realisert ei rask og framtidsretta samferdselsløyising.

REFERATSAKER

RS 9/14 Barnevernsmeldingar i perioden 010913-311213 Barnevernsmeldingar i perioden 010913-311213 24.01.2014 00:00:00

RS 10/14 Miljøopprydding Fosnavåg hamn - status for prosjektet Miljøopprydding Fosnavåg hamn - status for prosjektet 07.01.2014 00:00:00

RS 11/14 Fylkesprisen for årets bedrift 2013 Fylkesprisen for årets bedrift 2013 02.01.2014 00:00:00

RS 12/14 Møte i styringsgruppa for Bulystprosjektet Møte i styringsgruppa for Bulystprosjektet 13.01.2014 00:00:00